



## Notat

Dato: 05.09.2017  
Arkivsak: 2014/278-46  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Spørsmål om bussrutene på Stord

På møte i fylkesutvalet 22.06.17 stilte representanten **Aud Karin Oen** (SV) slikt spørsmål:

Det har kom reaksjonar frå Stord på dei nye bussrutene. Særleg er det nemnt Sagvåg/Litlabø som er Sunnhordland sin største tettstad. Litlabøområdet har og svært trafikkfarlige vegar, så av trafikkomsyn for mjuke trafikantar, bør ein syte for at tilbodet blir oppretthalde. Det er ikkje reelle sykkelmoglegheiter. Kan fylkesordføraren gjere greie for dette og skissere tiltak?

Fylkesordføraren kan opplysa fylgjande.

Rutetilbodet i og rundt Leirvik er planlagt med grunnlag i vedtatt Trafikkplan for Sunnhordland. Ramma for nytt tilbod er dagens nivå på ruteproduksjon. Innanfor denne ramma er det gjort justeringar og omprioriteringar i rutetilbodet, med mål om å få eit enkelt og effektivt linjenett for flest mogleg. Det inneber mellom anna å prioritere best tilbod i område der passasjergrunnlaget er størst og der utbygging gir potensiale for fleire kollektivreisande. I andre område er tilbodet justert ned, tilpassa etterspurnaden.

Rutetilbodet på linje 673 er i nytt anbod styrka for området Sætrevik/Sagvåg, medan tilbodet over Litlabø noko redusert. Tilpassinga er gjort ut frå ei samla vurdering, og innanfor dei økonomiske rammene som er gitt.

Mellom Litlabø skule og Sagvåg er det fortau adskilt med autovern, som legg til rette for trygg ferdsel for mjuke trafikantar.

